



LINDÅS KOMMUNE

Nordhordlandshallen

Leigekontrakt Nordhordlandshallen

Utleigar: Lindås kommune, org. nummer 935084733

Leigetakar: Elevverksemda Knarvik fotballfritidsordning, org. nummer 919808098

Leigeforholdet gjeldt: Leige av 2/3 av fotballhallen samt to garderobar i Nordhordlandshallen fredagar frå 5/1 2018 til med 31/5 2018.

Leigeobjekta skal ikkje nyttast til anna føremål enn det som er nemnt over. Framleige, heilt eller delvis, er ikkje tillete. Leigetakar har ansvaret for at alle medarbeidarar kjent med ordensreglar for hallen og føl desse. Leigetakar er ansvarleg for at alle medarbeidarar er kjent med hallen sine naudutgangar og brann- og rømmingsinstruksar som gjeld for hallen.

Leigetakar er erstatningsansvarleg for all skade på bygningen som skuldast leigetakar sjølv, folk som jobbar for leigetakar eller folk leigetakar har gitt adgang til hallen.

Kvar av partane heldt sine interesser forsikra. Leigetakar si forsikring skal vera utforma slik at Lindås kommune vert halden skadelaus i samband med skader som oppstår som følgje av leigetakar sin aktivitet. Ved eventuell skade på lokala skal leigetakar si forsikring nyttast så langt denne dekkar kostnaden, inkludert mogleg eigenandel, før Lindås kommune si forsikring vert nytta. Lindås kommune har ikkje ansvar for skade eller tap som måtte oppstå ved brann, vannskade med meir, utover det som vert dekkja av dei forsikringar Lindås kommune har som huseigar.

Dersom leigetakar gjer seg skuldig i vesentleg misleghald av leigeavtalen kan Lindås kommune heva denne.

Leigetakar betalar timepris i tråd med vedtak i Lindås kommunestyre. Timepris er per 1/1 2018 kr 500,- Husleige vert fakturert månadsvis på etterskot.

Leigetakar kan seia opp kontrakten skriftleg innan 4 veker før første leigedato. Ved Force Majoure, slik som brann, landesorg, naturkatastrofe med meir, bortfaller denne kontrakt utan at partane kan krevja oppfylling eller erstatning for det tap dei måtte lida.

Leigetakar har fått utlevert ordensreglar og branninstruks som er å sjå på som bindande vedlegg til denne kontrakta.

Denne kontrakt er underteikna i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Knarvik 04.01.2018

For Lindås kommune, Atle Vaage

For leigetakar, Andreas Larsen